

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2019, 29. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

ISELIN NYBØ BESØKER HØGSKULEN MÅNDAG 1. APRIL

Iselin Nybø, minister for forskning og høgare utdanning, kjem til Volda måndag 1. april. På programmet står rekruttering til lærarutdanning, internasjonal studentutveksling og nybygget. Dagen startar med eit besøk på Volda vidaregåande skule der ministeren og tilsette og studentar på GLU møter elevar i vidaregåande skule for å snakke om lærarutdanning. Hovudbolken blir ei to timars økt om internasjonal studentutveksling med tilsette og studentar på HVO. Her deltek også representantar frå Høgskolen i Molde. Siste del av dagen ønskjer høgskulen å bruke til å fortelje om framdrift og utfordringar med nybygget - Sivert Aarflot-prosjektet.

ISELIN NYBØ BESØKER HØGSKULEN (2): LES HVOS HØYRINGSSVAR OM INTERNASJONAL STUDENTMOBILITET

Internasjonalt kontor ved Høgskulen i Volda leverte eit grundig og godt høyringssvar til departementet sitt arbeid med den komande stortingsmeldinga om internasjonal studentmobilitet. Meldinga skal etter planen bli lagt fram ved årsskiftet 2019/2020. Les Volda og alle andre sine høyringssvar her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/invitasjon-til-a-komme-med-innspill-til-stortingsmeldingen-om-internasjonalt-studentmobilitet/id2611424/?expand=horingsssvar&lastvisited=3a5ae592-bd9c-448c-8228-38dc6b3c5e91>

INTERNASJONALE HVO: TILSETTE FRÅ OVER 20 LAND

Det er vel kjent at Høgskulen i Volda har mange innreisande og utreisande studentar og vi har utvekslingsavtalar med ca 140 universitet og høgskular verda rundt. Men også blant dei ca 350 tilsette på høgskulen har vi mange internasjonale innslag. Ser ein på statsborgarskap eller kulturell bakgrunn kjem dei tilsette på HVO frå fleire enn 20 land utanom Noreg: Sverige, Danmark, Tyskland, Austerrike, Nederland, Storbritannia, Island, Sveits, Estland, Tsjekkia, Kroatia, Romania, Tyrkia, Sudan, Etiopia, Iran, India, Australia, Filippinene, USA, Cuba og Panama. Vi har også tilsette frå Skottland og Kurdistan.

STOR FORSKINGSSØKNAD: EVALUERING AV FAGFORNYINGA I SKULEN

Høgskulen i Volda har sendt ein stor søknad om forskingsmidlar til Utdanningsdirektoratet. Prosjektet går ut på å evaluere den såkalla Fagfornyninga, som er ein stor reform i grunnopplæringa (grunnskulen), der alle læreplanane skal fornyast. Prosjektleiari for søknaden og for prosjektet er professor Siv Måseidvåg Gamlem ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. I alt er det ca. 20 forskarar som vil bli involverte i prosjektet, og dei kjem frå alle avdelingane ved Høgskulen. Like før sommarferien blir det klart om Høgskulen i Volda får gjennomslag for søknaden. Prosjektet vil gå i åra 2020-2022.

Les meir om Fagfornyninga: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/nye-lareplaner-i-skolen/>

Les meir om prosjektutlysinga: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/rapporter/evaluerer-av-fagfornyelsen/>

EKSAMEN: 60 PROSENT AUKE I KLAGER PÅ EKSAMEN

Det siste året har det vorte mykje lettare for studentane å be om grunngjeving og klage på karakterar på eksamen. Tidlegare måtte studentane fylle ut og sende inn eit papirskjema, men no kan studentane be om grunngjeving og klage på eksamenskarakter ved å klikke på ein knapp på

netttenesta «Studentweb». Det er på Studentweb studentane får informasjon om karakter. Frå hausten 2017 til hausten 2018 auka talet på klager frå 92 til 147, altså 60 prosent. Talet på krav om grunngjevingar auka frå 350 til 548, som er ein auke på 57 prosent.

TA PPU MED BACHELOR I PRAKTISK ESTETISKE FAG

Studentar kan framleis ta PPU med bachelor - men berre innanfor pratisk estetiske fag. Høgskulen i Volda tilbyr bachelor i praktisk estetiske fag: Idrett/kroppspøving, friluftsliv/naturguide, teater/drama, musikk og design/kunst/handverk. På andre fagområde må ein frå hausten 2019 ha master for å bli teken opp på PPU.

<https://www.hivolda.no/kulturfag/ta-ppu-med-bachelorgrad-1>

X2-FESTIVALEN HAR STARTA: NORDENS STØRSTE EKSTREMSPORTFESTIVAL

Den årlege X2-festivalen har starta og i dagane 28.-30. mars vil Volda/Ørsta og andre stader i regionen merke at 3.000 deltakarar og tilskodarar boltrar seg med surfing, alpint, skydiving, skating, klatring og andre aktivitetar - men også Yoga, foredrag, film og festing. Høgskulen har vore partnar for X2-festivalen heilt frå 2005 og ønskjer alle involverte lukke til med arrangementet.

<https://www.hivolda.no/nyhende/klart-nordens-storste-vinterekstremsportfestival>

HØGSKULESTYRET: TILSETTE VEL REPRESENTANTAR 20.-24. MAI

Valstyret ved Høgskulen i Volda har starta prosessen med å velgje nye styremedlemmer for 2019-2023. Nominasjonsperioden går frå 29. mars til 23. april og valet skjer 20.-24. mai - elektronisk naturlegvis. Det skal veljast 3 fagleg tilsette - to kvinner og ein mann. Rektor vert rekna med blant dei fagleg tilsette og det skal vere kjønnsbalanse i gruppa av fagleg tilsette. Det skal også veljast ein representant frå administrativt tilsette. Les meir om valet på valstyrets nettsider:

<https://www.hivolda.no/val>

ENDÅ FLEIRE STUDENTBUSTADER PÅ HELTNE

Huset med dei nye studentheimane på Heltne har alt hatt kranselag, og denne veka kom melding om at Kunnskapsdepartementet har løyvd midlar til 74 fleire studentbustader i Volda. Pengane går til andre byggesteg på Heltne, og også dette huset blir bygd i heiltre og skal etter planen stå ferdig til sommaren 2020. Til saman blir det nesten 200 bueiningar i dei to husa. Sidan husa er bygde i tre så hadde det kanskje vore lurt å kalle dei nye blokkene for "Heltne 3"?

<https://www.sivolda.no/aktuelt/74-nye-studenthyblar-pa-heltne-article928-926.html>

EKELAND VART FEIRA MED BOK: MANGE BIDRAGSYTARAR FRÅ HVO

I samband med at professor Tor-Johan Ekeland fylte 70 år vart det gjeve ut ei bok på Abstrakt forlag - og boka er tileigna Ekeland. Boka har tittelen "Grunnlagsproblemer i vitenskapene om mennesket" og er ei artikkelsamling med 19 kapittel. Fleire HVO-tilsette har bidrege: Randi Bergem, Kåre Heggen, Bente Gunn Lien, Vidar Myklebust og Jan Inge Sørbo.

<https://www.abstrakt.no/filosofi-og-humaniora/grunnlagsproblemer-i-vitenskapene-om-mennesket-detail>

REKTORBLOGGEN: "MELLOMBELS TILSETTE - ER VOLDA EIN VERSTING?"

Høgskulen i Volda har fått mange fleire mellombels tilsette frå 2017 til 2018. Kva kjem det av? Kva kan gjerast?

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

PÅMINNING: FOU-PRIS FOR 2019: KOM MED FRAMLEGG INNAN 15. APRIL

Alle tilsette har vorte inviterte til å foreslå kandidatar til Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019. Frist for å kome med framlegg er 15. april 2019. Namn og grunngjeving på kandidat til prisen vert sendt til: forskningsadministrasjonen@hivolda.no. Både einskildpersonar og fagmiljø kan få prisen. Prisen er på kr. 30.000 til einskildperson og kr. 50.000 til fagmiljø. Prisen vil bli delt ut under Forskningsdagane i

september 2019. Her er meir informasjon om FoU-prisen for Høgskulen i Volda, inkludert tidlegare prisvinnarar: <https://www.hivolda.no/forskning/fou-pris>:

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre

Sunnmøre:<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund.

29.3.2019: Start av Campusutviklingsforum i Volda.

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest.<http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)<https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

28.3.2019: Mellombels tilsette - er Volda ein versting?

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-
oppdatering:[https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-
article810-926.html](https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

